

# Språkpolitisk strategi 2023–2028

Vedteke 27.9.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og  
hjarte til heile landet**

Hovudmål frå strategien

*Me deltek i strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å styrkje nynorsk skriftkultur*

Suksesskriterium frå strategien

*Tal: Kommunar med vandreutstilling/ arrangement*

*Handling: Årleg styresak om den politiske stoda for nynorsk skriftkultur*

Verdiar:

**Samlande  
Kreativ  
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen  
og medvitet om nynorsk  
skriftkultur**

## A Status

Nynorsk er det skriftlege uttrykket for det mangfaldige norske talemålet, og har gjennom tre århundrar etablert seg som ein livskraftig og fleirfaldig skriftkultur. Nynorsk er eit mindretalsspråk. Sjølv om nynorsk skriftkultur har stabilisert seg på 2000-talet krev det medvite og hardt arbeid å oppretthalde og styrkje eit skriftspråk i utfordrarposisjon. Her er fire ulike måtar å synleggjere stoda for nynorsk skriftkultur på byrjinga av 2020-talet:

### 1. Nøkkeltal for nynorsk skriftkultur 1920–2020

Tal i prosent	1920	1930	1940	1950	1960	1970	1980	1990	2000	2010	2020	
Kommunar med nynorsk skriftspråk frå staten	6	32	37	39	37	22	24	25	27	26	25	—
Nye lover	3	9	6	14	10	8	6	3	15	19	19	—
Stortingsdokument, tal (sidetal frå 2010)	-	-	-	-	3	6	10	17	22	25	21	▼
Dokument på statlege nettstader	-	-	-	-	-	-	-	-	15	12	15	▲
Kyrkjelokn med nynorsk liturgi	8	22	25	31	31	-	34	31	31	30	27	▼
Elevar grunnskulen	18	20	32	30	23	18	16	17	15	13	12	—
Elevar gymnas / vidaregåande skule (Vg3)	6	7	8	11	9	10	11	-	-	7	7	—
Nye bøker og nye utgåver	11	8	6	6	6	7	8	7	8	8	8	—
Aviser redigerte på nynorsk / nynorsk og bokmål	8	-	12	-	17	16	23	-	26	28	28	—
<i>Merknad</i>												
Nokre tal er frå tilgrensande år												
<i>Kjelde</i>												
Utdrag frå tabell 3.0 Nynorsk språkbarometer 1920-2020 i Ottar Grepstad: Språkfakta 2020												


### 2 Regional forankring av nynorsk språk i 2020

Faktorane som er brukte er frå opplæring, forvaltning, media og kyrkje.

Regional stode for det nynorske språket

Marginalisert	■
Kritisk truga	■
Alvorleg truga	■
Truga	■
Sårbart	■
Trygt	■

Status fordelt på arbeids-, bu- og tenesteregionar.



Frå Per Magnus Finnanger Sandmark: Regional stode for nynorsk skriftkultur 2020. Notat om omgrepsavklaringar, skalaer og kriterium (2022). Utgangspunktet er bu- og arbeidsmarknadsregionar.

### 3 Bruk i skuleverket på ulike årssteg i skuleåret 2020/2021 i prosent



#### 4 Strategisk analyse for nynorsk skriftkultur i 2022

Styrke	Veikskap
Språklova har gitt styrka status til nynorsk, som eige skriftspråk og tydeleggjer plikta det offentlege har til å stø særleg opp om nynorsk skriftkultur. Den organiserte målrørsla står sterkare, med fleire institusjonar, fleire medlemmer i Noregs Mållag og meir systematisk samarbeid om ulike tiltak.	Nynorsk står svakt i mange digitale flater, både innafør opplæring frå barnehage til og med høgare utdanning, og innafør underhaldning. Nynorsk har svært ulik regional og nasjonal forankring. Det er stort fråfall frå nynorsk undervegs i opplæringa.
Von	Trugslar
Ny opplæringslov gir betre rettar for nynorskelevar på ungdomssteget. Motstanden og hetsen mot nynorsk er noko redusert dei siste åra, og nynorsk er sett på som ein viktig del av det kulturelle mangfaldet. Interessa rundt kulturelt mangfald og lokale identitetar er styrka.	Det er større folkevekst i område der nynorsk står svakt enn der nynorsk står sterkt. Trugslane frå engelsk til norsk, kan vere med på å marginalisere utfordringane nynorsk har særskilt.

## B Gjennomgang av prioriterte mål

### Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekkja av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Me deltek i strategiske samarbeid nasjonalt og regionalt for å fremme nynorsk skriftkultur	Kommunar med vandreutstilling og arrangement	Årleg styresak om den politiske stoda for nynorsk skriftkultur
Presisering og konkretisering	NK skal både delta i språkpolitiske nettverk og vere pådrivar i andre samarbeid for å fremme nynorsk skriftkultur.	Det er særleg viktig å gjere nynorsk synleg der det er mykje folk og der det er mange nynorskbrukarar.	Styret skal behandle politiske prioriteringar, og vurdere deltaking i høyringar frå storting og regjering.
Prioritert tiltak	Koordinere Nynorsk forum, delta i Nynorskfylket Vestland, deltek i andre nettverk som fremmer nynorsk.	Vere til stades i alle kommunar med nynorskelevar.	Utarbeide årleg styresak om den politiske stoda for nynorsk skriftkultur, og deltaking i nettverk.

### Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	Språklova	Museumsmeldinga	Fylkeskommunale vedtak	Avtale om Nynorsk forum
Krav	§ 1 i lova pliktar styresmaktene til å ta særleg omsyn til nynorsk.	«Aktiv samhandling» er ein av fem hovudoppgåver for musea.	NK er medlem av Nynorskfylket Vestland, og deltek i dette samarbeidet.	NK koordinerer nynorsk-organisasjonar i Nynorsk forum.
Signal	Meldingsdelen har tydelege mål om å styrkje nynorsk.	Språk er eit eige kapittel (5.2.1), og nynorsk er trekt fram særleg..	Fylkeskommunane har etter språklova særleg plikt til å sikre nynorsk.	

Peikar til relevante dokument	<a href="#">Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk</a>	<a href="#">Meld. St. 23 (2020–2021) Musea i samfunnet</a>	<a href="#">Nynorskfylket Vestland</a>	Retningslinjer for Nynorsk forum (internt dokument)
Prioritert tiltak	Delta i politiske høyringar og nettverk. Samarbeid for å redusere språkbyttet.	Delta i nettverk der ein kan styrkje nynorsk kulturformidling.	Samarbeide med fylkeskommunar, særleg biblioteka.	Koordinere Nynorsk forum.

## Berekräftig drift av organisasjonen

Denne vurderinga vert gjort for å følgje opp det strategiske målet om å vurdere konsekvensar for klima/miljø, universell utforming, personell og økonomi i alle saker.

Berekräftig drift av organisasjonen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	Politisk påverknadsarbeid inneber stor reiseverksemd.	Ikkje alle dokument me utarbeider for politisk påverknad er universelt utforma.	Direktøren arbeider ofte aleine med det politiske påverknadsarbeidet.	Større tiltak for å redusere språkbyttet treng finansiering.
Prioritert tiltak	Samordne fleire møte/ærend per flytur.	Dokumentmalar skal vere i tråd med standardar for universell utforming	Andre tilsette vert involvert i særskilde saker.	Søkje KD og KUD om midlar for større tiltak i desse områda.

## C Tiltaksliste basert på måla

### Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Eigen aktivitet	NK skal i løpet av perioden vere til stades i alle kommunar med nynorskelevar	Vandrestillingar og turnear
2	Nettverk	NK koordinerer og orienterer sentrale nynorskorganisasjonar, institusjonar og tiltak, gjennom å koordinere Nynorsk forum, delta i Nynorskfylket Vestland, Forum for nynorsk i opplæringa og anna arbeid	Direktør
3	Nettverk	NK deltek i strategiske samarbeid for å fremme nynorsk på ulike kulturfelt, som bl.a. for privatarkiv (kulturarv), Store norske leksikon og samarbeid med biblioteksektoren og høgare utdanning/ forskning	Direktør
4	Politikk	Årleg styre- og rådssak om politiske prioriteringar	Direktør
5	Politikk	NK vurderer å delta i høyring i alle statlege språkpolitiske saker	Styret
6	Politikk	Involvere andre tilsette enn direktør i politisk påverknadsarbeid.	Direktør
7	Eigen aktivitet	Vurdere tiltak for å redusere flybruken	Direktør

### Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Eigen aktivitet	Tilpasse malar for dokument og rutinar for bilete krav til universell utforming	Kommunikasjon og digital formidling
2	Eigen aktivitet	Utvikle og fullfinansiere prosjekt saman med LNK og Nynorsksenteret for å redusere språkbyttet i skulen	Direktør
3	Nettverk	Evaluerer samarbeidet og organiseringa av Nynorsk forum	Direktør
4	Nettverk	Samarbeidsavtalar med fylkeskommunar og kommunar for å redusere språkbyttet	Direktør